



Utv. saksnr.	Utval	Møtedato
68/2024	Formannskapet	14.11.2024
89/2024	Kommunestyret	28.11.2024

## Detaljreguleringsplan for Lalm vassverk - sluttbehandling og godkjenning

### Vedlegg

- 1 Lalm Vassverk\_plankart
- 2 Planbestemmelser\_Lalm vassverk\_01.11.24
- 3 Planskildring med KU
- 4 ROS-analyse\_Lalm vassverk


### Saksframlegg:

Vågå formannskap vedtok i møte 13. juni 2024 sak 39/2024 å legge forslag til detaljreguleringsplan for Lalm vassverk ut til offentleg ettersyn og høyring. Planen har vore på høyring i perioden 24. juni til 30. august 2024.

Norconsult har på vegne av Vågå kommune utarbeidd forslag til detaljreguleringsplan for nytt vassverk på Lalm. Det blir lagt til rette for etablering av nye grunnvassbrønnar og nytt vassverk i det same området som eksisterande vassverk er etablert. Planområdet omfattar heile eller delar av eigedomane gnr/bnr/fnr: 4/7, 155/1, 156/1, 156/1/2, 156/1/2, 156/1/3, 156/4, 156/7, 156/28, 156/53, 156/64, 156/65, 156/69 og 198/14 og Brekkevegen 205/1 på Lalm. Delar av Sjårdalsvegen og Øverbygdsvegen manglar matrikkelnummer og delar av Lalmsvatnet er ikkje matrikulert. Planområdet er på 275 daa.

Planforslaget inneber ei regulering av nytt vassverk og råvassbrønnar med tilhøyrande tilkomstveg og snuplass. Sikringssonene til vassverket inngår i planforslaget. Vågå kommune har søkt om konsesjon etter vassressurslova parallelt med planprosessen. Dei nye råvassbrønnane er etablert våren 2022 og har vore prøvepumpa. Nytt vassverk er ønskja etablert på ei lita høgde nordvest for dei nye brønnane. Vassverket blir dimensjonert for eit døgnforbruk på 700 m<sup>3</sup>/døgn. Det blir dermed lagt til rette for auk i vassforbruket for å legge til rette for utvikling på Lalm og moglegheita for å forsyne Sjårdalen med vatn. Vasskjelda/inntaket med vernetiltak og den planlagde vassbehandlinga er vurdert til å tilfredsstille kravet frå drikkevassforskrifta om tilstrekkeleg hygienisk barriere.

Noverande vassverk tilfredsstiller ikkje krav som er sett til drikkevatn og tiltaket vil sikre rent drikkevatn for eksisterande abonnentar og framtidige.



Figur 1: Plankart for vassverket på Lalm.

#### Planmateriale omfattar:

- Plankart
- Reguleringsføresegner
- Planomtale med konsekvensutgreiing
- ROS-analyse med vedlegg
- Simulering av flomnivå i Ottaelva ved Lalm
- Sikkerhetsklassifisering og tiltak mot skred for nytt Lalm vannverk
- Risiko- og sårbarhetsanalyse for nytt Lalm vassverk - forprosjektfase

## Forhold til overordna plan

Gjeldande plan for område er kommuneplanens arealdel 2017-2027. Det er ikkje utarbeidd reguleringsplan for eksisterande vassverk. Dagens vassverk og dei mest sentrale sikringssonene er vist i kommuneplanens arealdel, men utvidinga er ikkje avklart i overordna plan og må difor konsekvensutgreiast jf. forskrift om konsekvensutgreiing. Planskildring omfattar konsekvensutgreiing av følgjande tema:

- Naturmangfold
- Kulturminne
- Friluftsliv
- Landskap
- Naturresursar (jordbruk)
- Samfunnstryggleik og beredskap.

Planforslaget omfatte sikringssoner til drikkevasskjelda og strekk seg difor oppover lisida vest for Lalm vassverk og Sjårdalsvegen. Arealbruken innanfor sikringssonene er i all hovudsak landbruk og blir regulert i tråd med dagens situasjon når det gjeld mellom anna vegar og avkøyringar til eigedomar m.v. Det er utarbeidd føresegner knytt til dei ulike sikringssonene som er vist som omsynssoner i plankartet.

## ROS-analyse

Risiko- og sårbarheitsanalyser (ROS-analyser) skal kartlegge mogleg hendingar og konsekvensar av desse for liv, helse, materielle verdiar og samfunn. Jf. plan- og bygningslova § 4-3 skal slik analyse utarbeidast for alle planar for utbygging, og ta for seg alle ROS-forhold som er relevante for om arealet er eigna for dei utbyggingsformål planen opnar for, og også ta for seg eventuelle endringar i ROS-forhold som følge av planlagt utbygging. I ROS-anlysen for Lalm vassverk er følgjande tema greidd ut:

1. Skredfare bratt terreng
2. Flaum i vassdrag
3. Ekstremnedbør (overvatn)
4. Kjemikalieutslepp
5. Transport av farleg gods
6. Dambrot
7. Drikkevasskjelder
8. Tilsikta hendingar

Det kom 4 uttaler i høyringsperioden, alle frå regionale styresmakter. Det er ingen motsegn til planen, berre merknader. Nedanfor er oppsummering av innkomne uttaler og det er gjeve kommentar til desse under:

#### NVE 24.06.2024

*"På grunn av stor saks mengd i høve til tilgjengelege ressursar har ikkje NVE kapasitet til å gå konkret inn i alle reguleringsplanar som kjem på høyring. NVE vil prioritere å gi konkrete innspel og uttalar til reguleringsplanar der det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillinger. Etter ei fagleg prioritering gir vi hjelp til dei kommunane som har størst behov.*

*Som planmynde har de ansvar for å sjå til at NVE sine saksområde blir vurdert og ivaretatt i planframleggelsen. Vi har laga ein kartbasert rettleiar for reguleringsplan som leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til korleis våre tema skal takast omsyn til i reguleringsplanen. Dersom de ikkje alt har gått gjennom rettleiaren rår vi dykk til å gjere det, og vurdere om våre saksområde er teke omsyn til i planen. De må vurdere om planen tek omsyn til nasjonale og vesentlege regionale interesser, jf. NVE rettleiar 2/2017 Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging. 2 De kan også bruke våre nettsider for arealplanlegging. Her er informasjonen og rettleiinga lagt opp etter plannivå, <https://www.nve.no/arealplanlegging/>. På NVE sine nettsider finn de koplingar til rettleiarar og verktøy. Det ligg også mykje arealinformasjon på NVE sine kartløysingar.*

**Kommunen sitt ansvar** NVE minner om at det er kommunen som har ansvaret for at det blir tatt naudsynt omsyn til flaum- og skredfare, overvatn, vassdrag og energianlegg i arealplanar, byggeløyve og dispensasjonar. Dette gjeld uavhengig av om NVE har gitt råd eller uttale til saka."

#### Kommentar

NVE har gjeve eit generelt fråsegn og har ikkje gått konkret inn i planforslaget på grunn av kapasitet. Kommunedirektøren tek innspelt til etterretning.

#### Statens vegvesen 13.08.2024

*"Ved varsel om oppstart kom vi først og fremst med innspel som gjeld nærleiken til riksveg 15. Leidningar skal krysse vatnet og samførast med ny avløpsleidning mot Lalm reinseanlegg på austsida av Lalmsvatnet. Kommunen har stadfesta at tiltaket kjem innanfor byggegrensa til riksveg 15. Vi gjentek difor at for leidningar som skal krysse eller leggjast nær riksveg 15 i strid med byggegrensa må ein søkje om løyve jamfør veglova §32. Dette gjeld også dersom det er aktuelt med mindre tekniske bygningar omtalt i punkt 1.2 i føresegndene. Det må utarbeidast plan for arbeidsvarsling som skal godkjennast av vegvesenet, og det kjem fram i omtale av innspel ved varsel om oppstart at dette skal gjerast."*

#### Kommentar

Kommunedirektøren tek innspelt til etterretning.

Innlandet fylkeskommune 26.08.2024

"Plan- og samferdselsfaglege forhold

*Vi forventar at det gjennom planarbeidet blir gjort tilstrekkelege fagkunnige veg-, trafikk- og trafikktryggingsmessige vurderinger og nødvendige tiltak må takast inn som rekkefølgjekrav i føresegne i planen.*

*Tiltak som berører fylkesveg*

*Nytt vassverk vil få tilkomst frå fylkesveg 2616 Sjårdalsvegen. Fylkesvegane er inndelte i funksjonsklasser etter kva type trafikk som er hovudbrukarar av vegen, eller kva funksjon vegen har eller er prioritert for. Fv. 2616 Sjårdalsvegen er klassifiserte i funksjonsklasse D – lokal samleveg kor gjeldande byggegrense er 20 meter. På denne staden er fartsgrensa 60 km/t og berekna trafikkmengd på strekninga er 400 køyretøy i døgnet (2023-tal) kor del lange køyretøy er berekna til 10 % (opplysningar henta frå Nasjonal vegdatabank). Det blir foreslått å utbetre tilkomsten til vassverket for å tilfredsstille krav i samsvar med Statens vegvesens handbok N100. Dette ser vi som positivt. Vi bad i oppstartsvarsel til planen om at byggeplanar for tiltak som berører fylkesveg skal sendast over i god tid før gjennomføring, og at tiltak skal godkjennast av fylkeskommunen før det kan givast igangsetjingsløye. Dette er sikra i punktet til reguleringsføresegna 9.2. Vi minner om at det er ikkje tillate å leie overvatn, som følgje av tiltaket, inn i dreneringssystemet, grøfta eller kummen til fylkesvegen utan at det ligg avtale føre med Innlandet fylkeskommune (jfr. Veglovas § 57, pkt.3).*

*Trafikale forhold*

*Vi kan ikkje sjå at det ligg føre nokre trafikale eller trafikktryggingsmessige vurderinger i plandokumenta utover at det er behov for å forbetra dagens tilkomst til vassverket slik at ho tilfredsstiller krava i handbok N100. Vi legg til grunn at planen ikkje vil få nokon negative trafikktryggingsmessige konsekvensar.*

*Byggegrense*

*Når det gjeld byggegrenser og avkøyringar, viser vi til gjeldande Veggnettsplass for Innlandet. Avklaring av byggegrenser må òg sjåast i samanheng med eksisterande busetnad og reguleringssplanar i området. Formålstenleg byggegrense må vurderast og grunngjenva. Byggegrenser i reguleringssplanen må vareta trafikktryggleik, drift og vedlikehald og tilstrekkeleg areal for eventuelle framtidige tiltak. Vi minner om at byggegrenser òg gjeld for anlegg som til dømes parkeringsplass.*

Kulturarv

*Varslingsplikta etter kulturminnelova § 8, andre ledd er tatt inn i planens felles utsegn. Forholdet til eventuelle ikkje registrerte kulturminne er dermed ivaretatt i planen. Undersøkelsesplikta etter kulturminneloven § 9 anses som oppfylt. Som konsekvensutgreiinga viser ligg det fleire SEFRAK-registrerte bygg innafor planområdet. Husa vil ikkje bli direkte påverka av utbygginga, og vi kan ikkje sjå at planforslaget vil ha negative konsekvensar for freda eller verneverdig kulturmiljø. Det er innsyn til området frå fleire retningar, og som planskildringa viser vil tiltak her reknast som eksponert. Det er positivt at det leggast opp til vegetasjonsskjerm og bygg med saltak, og mørke, matte fargar.*

Klima miljø og naturmangfald

*Naturmangfald*

*Fylkeskommunen har ansvar for haustbare, ikkje-trua arter. Planområdet ligg delvis innanfor eit registrert yngleområde for fleire vassfuglar, mellom anna laksand, toppand, stokkand og songsvane. Det er difor viktig å unngå/avgrensa negativ påverknad og forstyrring i periodar fuglane er sårbare. Dette gjeld særleg trekk- og hekkeperioden på våren og trekkperioden på hausten.*

## Vassdrag

Vassverket ligg heilt inntil Lalmsvatnet (vassførekost 002-221-L «Lalmsvatnet»), som er registrert med god økologisk tilstand i vass-nett. Påverknader på vassførekosten er avrenning frå landbruk og avløp, og vasskraft. I regional vassforvaltningsplan for vassregion Innlandet og Viken 2022-2027 har Lalmsvatnet eit fastsett miljømål på minst god økologisk tilstand (jf. Vassforskrifta § 4), noko det oppnår per dags dato. Det er difor svært viktig at det ikkje blir gjort tiltak som kan resultera i ei permanent degradering av noverande miljøkvalitet. Reguleringsplanen inkluderer omsynssoner som skal vareta vassdrag og tilhøyrande kantsoner, noko me synest er bra. Vegetasjonssona (VS) er sett til å ha ein seks meter brei kantsone ned til Lalmsvatnet. Vi ønskjer å gjera merksam på at det fleire stader kan vera nødvendig med ei breiare kantsone, og oppmodar til at breidda blir auka i dei områda det er nødvendig med mest aktivitet. For føresegna om bruk og vern av sjø og vassdrag blir det opplyst at «Det skal ikkje gjennomførast inngrep som forringar miljøet i eller rundt vassdraget med unntak av inngrep/etablering av leidningar/installasjonar i samband med nytt vassverk eller andre nødvendig VA-tiltak.» Me ønskjer å minna om at alle tiltak som direkte eller indirekte påverkar vassdrag er søknadspliktig til fylkeskommunen jf. Forskrift om fysiske tiltak i vassdrag § 1. Søknadsskjema er å finna på Innlandet fylkeskommune sine nettsider under fanen «klima, energi og miljø» og vidare under «fiskeforvaltning». Til slutt ønskjer me å påpeika det som blir nemnt i planskildringa (og plankartet) med flaumsonar og flaumfarene i området. Det blir åtvara mot å leggja opp til utvikling innanfor slike faresoner. Ved ein eventuell flaum vil tiltakshavar kunne oppleva økonomiske utfordringar, samtidig som at forureining og næringsstoff vil vaskast ut i vassdraget og påverka vassmiljøet. Reguleringsplanen må sikra forsvarleg lagring av forureinande stoff og materiale, slik at ein ved ei flaumhending avgrensar forureining ut i vassdraget.

## Kommentar

Kantsona mot vassdrag har varierande bredde og den varierer mellom 2 til 35 meter. Der kantsona er sett til 6 meter er det berre aktivitet knytt til landbruksverksemd og det er ikkje behov for større bredde ut frå aktiviteten knytt til området. Dersom kantsona skal utvidast her vil dyrka mark bli råka og det er ikkje ynskjeleg ut frå omsynet til jordvernet. Kommunedirketøren tek uttale til etterretning.

## Statsforvalteren i Innlandet 02.09.2024

I vårt innspel til oppstart av planarbeid viste vi særleg til nye nasjonale føringar til regional og kommunal planlegging 2023-2027. Av andre omsyn vi nemnte konkret var jordvern, naturmangfald, vassdrag og samfunnstryggleik og beredskapsmessige omsyn. Statsforvaltaren synes det er gjort eit godt arbeid med planen, og gjort gode vurderingar der tiltaket er i konflikt med andre omsyn. Tiltaket er i konflikt med jordvernomsyn, og vi ba om at det vart gjort vurdering av alternativ som ikkje førar til omdisponering av dyrka jord. Vi kan ikkje sjå at det er gjort noko slik vurdering. Tiltaket i seg sjølv førar til omdisponering av 2,6 daa dyrka jord(innmarksbeite), men en har vurdert at samfunnomsynet med å sikre drikkevatn her er av større viktigkeit. Statsforvaltaren tek dette til etterretning.

Når det gjeld naturmangfaldet er det vurdert at tiltaket ikkje direkte rammar naturverdiar, men tiltaket kan ha ubetydeleg/noko negativ konsekvens gjennom at det skjer ein bit-for-bit-utbygging som kan forstyrre fugle- og dyrelivet.

## Støy

Så langt vi kan sjå er det to bustader som ligg i gul støysone, dette gjeld BF1 og LSB2. Desse er eksisterande bustader, men planen opnar for at det kan etablerast to bueiningar i kvar av dei. Vi er ikkje kjend med om det er to bueiningar i bustadene i dag, men uansett vil ein plan opne for

*gjenoppbygging etter for eksempel brann. Det vil då skje ei nyetablering som vert omfatta av T-1442/21. Føresegna til kommuneplanen § 7-1 har følgjande ordlyd: Støyfølsame tiltak, som bustader og fritidsbustader, skal ikkje bli lokalisert innanfor raud støysone. Ved tiltak innanfor gul støysone skal det gjennomførast støyberekingar som synleggjer støynivå inne og ute ved fasadar og uteareal. Reguleringsplanen skal syne tiltak mot støy dersom grenseverdiane blir overskride. Det er ikkje gjort konkret støyutgreiing for planen, og T-1442/21 er klar på at dersom område kan vere utsett for støy over grenseverdiane skal det gjerast ein detaljert utgreiing som inneheld:*

- kart som viser støynivå på uteoppholdsarealer etter utbygging -med og uten avbøtende tiltak
- kart eller figur som viser støynivå i relevante høyder på fasader -med og uten avbøtende tiltak
- beskrivelse av avbøtende tiltak Klima- og miljødepartementets retningslinje for behandling av støy i arealplanleggingen (T-1442/2021) 13
- dokumentasjon på at grenseverdiene i tabell 2 og kvalitetskriterier for støyfølsom bebyggelse kan tilfredsstilles. Dersom det planlegges avvik fra kvalitetskriteriene og grenseverdiene, skal dette synliggjøres og forklares, slik at kommunen kan ta stilling til om avvikene kan aksepteres.

*Vi kan ikkje sjå at det er gjort nokon konkret støyutgreiing og det er heller ikkje laga tilfredsstillande støyføresegn for planen jf. T-1442/21 pkt. 4.1. Eventuell støyvoll er heller ikkje teikna inn i plankartet. Normalt har Statsforvaltaren motsegn dersom det ikkje er gjort støyutgreiing og tatt inn relevante føresegner, men då eventuelle tiltak vil ha avgrensa omfang legg vi til grunn at kommunen sørger for at dette kjem i orden.*

### **Samfunnstryggleik**

*Det er laga analyse av risiko- og sårbarheit for reguleringsplanen. Analysen følgjer metoden som er beskriven i rettleiar Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging frå Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap.*

*På bakgrunn av ein gjennomgang av sjekkliste for farekartlegging, er det i analysen gjort nærmere vurderingar av sårbarheit av åtte uønskte hendingar. Dette gjeld skred, flaum, ekstremnedbør, kjemikalieutslepp, transport av farleg gods, dambrot, drikkevasskjelder og tilsikta handlingar. Risikoreduserande tiltak er omtalt i analysen, dette gjeld mellom anna tiltak for sikring mot skred, flaum og overvatn. Omsynssoner er markerte i plankartet og vi tilrår at desse også blir tekne inn i forklaringane om tiltak i analysen. Utover desse er det gjort greie for tiltak som blir følgt opp gjennom vidare gjennomføring av planen, mellom anna på bakgrunn av krav i TEK17 og drikkevassforskrifta.*

### **Kommentar**

Tidleg i prosessen med å etablere nytt vassverk på Lalm vart det sett på andre alternativ, men dei andre alternativa vart forkasta av fleire årsaker tidleg i prosessen. Vi tek til etterretning at dette burde ha vore omtalt i planskildringa. Når det gjeld støyvurdering så er det ikkje gjort ei konkret støyvurdering, men planen er ei vidareføring av gjeldande status for bustader. Det er difor ikkje planlagt for ny busetnad som ligg innanfor gul støysone. Føresegner er endra slik at det berre er høve til å etablere ein bustad på BF1 og LSB2 som er dagens bruk av eigedomane.

### **Vurdering:**

Kommunedirektøren meiner det er eit godt gjennomarbeida planforslag. Det har kome få høyringsinnspeil til planforslaget og berre frå regionale styresmakter. Det er ingen motsegn til planforslaget, berre merknader og tilrådingar. Merknad om manglande støyutgreiing er tatt til

etterretning og det er gjort endringar i føresegnene til planen Dersom det er ønskje om nybygg eller fleire bueiningar må det gjennomførast ei konkret støyutgreiing. Kvar enkelt uttale er kommentert i saksframlegget. Kommunedirektøren meiner saka er tilstrekkeleg utgreidd og kan leggjast fram for sluttbehandling og godkjenning.

**Kommunedirektøren si innstilling:**

Med heimel i plan- og bygningsloven § 12-12 blir forslag til detaljreguleringsplan for Lalm vassverk godkjent.

**Formannskapet si behandling av sak 68/2024 i møte den 14.11.2024:**

**Behandling**

Samrøystes

**Vedtak**

Med heimel i plan- og bygningsloven § 12-12 blir forslag til detaljreguleringsplan for Lalm vassverk godkjent.

**Kommunestyret si behandling av sak 89/2024 i møte den 28.11.2024:**

**Behandling**

Samrøystes

**Vedtak**

Med heimel i plan- og bygningsloven § 12-12 blir forslag til detaljreguleringsplan for Lalm vassverk godkjent.